



Stemneplassen er klargjord og Ove Myhre (leiar) og Audun Eik (nestleiar) ynskjer alle velkomne til Friluftskonsert tysdag 20. august kl. 19.

Styret i Uskedal Friluftslag inviterer til Friluftskonsert på Stemneplassen tysdag 20. august kl. 19. Styret ynskjer at plassen vert brukt og den årlege konserten fører til pengar inn i kassen, noko som trengst om ein skal vedlikehalda og halda drifta oppe. Uskedal Musikklag er ein sentral bidragsytar. Det same er Rustne Menn og andre gjesteartistar.

Ein av gjestene i år er den 16 år gamle Mari Bjelland frå Sunde. Mari er elev på Stord Vidaregåande skule og har bestefar frå Uskedalen. Ho syng og spelar gitar.

Ei anna gjestegruppe i år er Steinar Haugan, Hans Gertz og Tor Bjelland. Hans Gertz spelar munnspele og med seg har han Steinar Haugan på gitar og Tor Bjelland på bass. Musikk- og songgruppa har før vore på Syng med oss arrangement både på Husnestunet og på Dill.

Loddsalet er alltid like populært. Kristian Bringedal sitt boklager er snart tømd. Difor vil styremedlem Jofrid Eik bed om gevinstar frå næringslivet i Uskedalen og frå bygdene omkring. Det er stor stas å få stå fram med vinstar. Meld frå til Jofrid dersom du har noko som høver for loddsalet på Stemneplassen.

Konkurransen og leikar høyrer med slik det alltid var på 17. mai og Jonsok før.

Nytt i år er det at dersom det vert dårleg ver, har styret ein plan for flytting og gjennomføring uansett.

Set av dag og tid, tysdag 20. august kl. 19 på Stemneplassen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal